

# Kinn Arbeidsparti

Program for perioden 2024-2027



**Kinn for kysten.**

## **Trygg styring - skape for å dele.**

Kinn skal vere attraktiv og raus med både eigne innbyggjarar og våre naboar. Vi skal skape for å dele og vektlegge berekraft i alt vi gjer. Kinn kommune skal vere ein sterkt synleg kommune i Vestland fylke og nasjonalt.

Kinn er eit tyngdepunkt på kysten og ein motor for å utvikle kystnæringer og sikre folketalsutvikling. For å få til dette skal vi legge til rette for fleire og meir varierte arbeidsplassar. Gode næringsareal, nok kraftforsyning og vegar er avgjerande om vi skal lukkast med å utvikle eksisterande og ny industri.

I komande periode må vi framleis arbeide med å styrke kommuneøkonomien. God og trygg styring er den beste måten å bestemme utviklinga i eigen kommune på.

I komande periode skal vi ruste oss for å ta vare på fleire eldre med omsorgsbehov. Det betyr at ny institusjon i Florø vil vere den viktigaste investeringa i denne 4-årsperioden.

Ny Skram skule er avgjerande å få på plass. Arbeiderpartiet er garantisten for at alle vert sett og verdsett i alle livsfasar. Med gode oppvekstvilkår, barnehagar og skular skapast framtida vår.

Med så store kommunale investeringar må vi legge til rette for at næringslivet får utvikle seg elles klarar vi ikkje å finansiere løfta – vi må skape for å dele.

## **Verdiskaping, næringsutvikling og eit seriøst arbeidsliv**

Arbeidspartiet meiner at arbeid til alle er jobb nummer éin. Å ha eit arbeid og ei løn som ein kan leve av, er avgjerande for å ha ein trygg kvardag. Arbeidspartiet vil skape fleire jobbar, inkludere dei som har falle utanfor og prioritere å få unge i aktivitet, utdanning og arbeid.

Dei tilsette er den viktigaste ressursen for å gi tenester av høg kvalitet. Dei skal vere ein del av den faglege utviklinga i større fagmiljø. Det må leggast til rette for at arbeidstakrar kan få tilbod om utdanning og kompetansepåfyll. Det vil sikre kommunen og næringslivet tilgang til kompetent arbeidskraft. Kinn kommune skal vere ein god arbeidsgivar som involverer dei tilsette i viktige prosessar, og som tek vare på dei tilsette sine rettar.

Eit aktivt trepartssamarbeid er avgjerande for å styrke tenestetilbodet. Arbeidsplassen skal vere ein god læringsarena. Det skal arbeidast aktivt for å skape fleire heile og faste stillingar. Kommunen skal følge opp arbeidet med tillitsreforma.

Arbeidarpartiet vil ha strenge krav, god kontroll og målsetting om ingen anbod til useriøse aktørar. Sosial dumping og arbeidslivskriminalitet skal motverkast.

Vi vil arbeide for at Kinn kommune skal bli den sentrale utviklingsaktøren på kysten mellom Bergen og Ålesund. Verdiane som blir skapte her, må komme regionen vår til gode. Fleire regionale og statlege arbeidsplassar må bli lagde til kommunen. Kommunen skal spele ei sentral rolle i å legge til rette for god næringsutvikling.

Kinn kommune skal arbeide aktivt for nyskaping, innovasjon og vekst for eksisterande og nye næringsaktørar. Kommunen skal vere næringsvennleg. Eit variert arbeidsliv er avgjerande for å skape trygge og framtidsretta arbeidsplassar.

Kinn Arbeidarparti vil:

- styrke arbeidsplassen som læringsarena med tilbod om etter- og vidareutdanning. Det skal vere mogleg å ta fagbrev på jobb.
- skape ein heiltidskultur der heile faste stillingar er hovudregelen i alle tilsettingar.
- innføre læreplassgaranti, auke talet på læreplassar og ta inn lærlingar i alle sektorar.
- sikre fleire praksisplassar for studentar ved å auke talet på rettleiarar i kommunen. Kommunen skal tilby tilsette høve til å skaffe seg rettleiarkompetanse.
- tilby sommarjobbar for ungdom.
- styrke arbeidet for å gi fleire personar med funksjonsnedsetting sjanse til å få jobb.
- gå mot privatisering og anbodsutsetting av velferdstenester.
- vidareutvikle den kommunal vikarpoolen og avgrense bruken av vikarbyrå.
- utarbeide ein rekrutteringsstrategi for å sikre at kommunen har nok og rett kompetanse til å utføre oppgåvane sine.
- lage planverk som sikrar næringsutvikling og bustadareal.
- satse meir på forsking og utvikling gjennom tettare samarbeid med forskingsinstitusjonar, utdanningsinstitusjonar, Innovasjon Noreg, offentleg sektor og næringslivet.
- styrke det kommunale verkemiddelapparatet i samarbeid med staten og fylkeskommunen.
- satse aktivt på fleire grøne arbeidsplassar og grøn omstilling.
- støtte opp om satsingar på turisme i kommunen.
- styrke partssamarbeidet på alle nivå.
- støtte opp om det viktige arbeidet til ASVO og Origod.
- følge opp opplæringsinstitusjonane våre: grunnskule, vidaregående opplæring, fagskule og høgskule.
- lage ein tiltaksplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet.

- arbeide for at det blir oppretta eit nettverk som skal fremme interessene innanfor olje- og gassverksemda.

### **Berekraftig utvikling, klima og natur - ramma rundt all politikk**

Kinn Arbeidarparti tek utfordringane med menneskeskapte klimaendringar på høgste alvor. Verda har kunnskapen som skal til, så det som står igjen, er vilje og evne til å gjennomføre nødvendige tiltak. Vi vil bidra til dette ved å handle lokalt og tenke globalt. Dette gjer vi ved å stanse tap av naturmangfold og bli ein nullutsleppskommune innan 2030.

Kommunen vår skal vere fremst i Vestland fylke på elektrifisering og kutt i klimagassar. I samarbeid med næringsliv, fylke og stat skal vi bidra til omstilling og berekraft gjennom konkrete prosjekt innan fornybarområdet.

Kinn Arbeidarparti vil:

- at Kinn kommune skal bli den grønaste i Vestland fylke.
- vere først ute som knutepunkt (hub) for nullutsleppsenergi i maritim sektor.
- satse på nullutsleppsteknologi og stille krav til at kollektivtransporten skal vere utan utslepp av klimagassar.
- fase ut bensin- og dieselmotorer til bruk i kommunal drift.
- krevje ladestasjoner for elbilar ved bygging av nye parkeringsplassar.
- bygge ut meir landstraum der dette enno ikkje er på plass og legge til rette for lading også for fritidsbåtar.
- sikre sentrumsnære areal til friluftsliv og skåne område mot utbygging.
- ta vare på naturmangfaldet, urørt natur og legge vekt på dette i arealplanarbeidet.
- utvikle reiselivet og stille krav om klima.
- styrke energieffektiviseringsarbeidet i nye og eksisterande kommunale bygg.
- arbeide for at linjenettet ikkje blir eit hinder for å elektrifisere og skape grøne arbeidsplassar.
- sikre handtering av marint avfall og industriavfall.
- vidareføre klimabudsjett og klimarekneskap med konkrete mål om utsleppskutt i samsvar med Paris-avtalen.
- styrke arbeidet for sirkulær økonomi.
- legge vekt på klima- og miljøomsyn ved offentlege innkjøp.

### **Kultur, idrett, fritid og folkehelse**

Kinn Arbeidarparti vil ha eit rikt kulturtilbod i kommunen som skaper aktivitet og engasjement hos innbyggjarane våre. Det skal vere mogleg å påverke avgjerdss prosessar

og vere deltar i utvikling av kulturaktivitetar, rekreasjons- og aktivitetsområde der ein bur.

Kommunen skal fremme helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold for innbyggjarane og medverke til å jamne ut miljø- og samfunnsforhold som har noko å seie for helsa. Det skal vere enkelt å finne fram til gode fritidstilbod og aktivitetar i kommunen.

Kinn Arbeidarparti vil:

- ved hjelp av folkehelsetiltak aktivisere og stimulere til mosjon og fysisk aktivitet for alle i kommunen.
- legge til rette for ein aktiv alderdom og for at eldre kan ta del i organisasjonslivet og frivillig arbeid.
- vere med å vedlikehalde trimløyper og turstiar i heile kommunen.
- spele på lag med idretten og sikre gode forhold for eit allsidig idrettstilbod ved å bygge hallar og anlegg.
- ha eit godt samarbeid med Kinn utdannings- og ressurssenter KF og frivilligsentralane for å integrere nye innbyggjarar i kommunen på ein best mogleg måte.
- legge til rette for folkebad i Måløy til alle brukargrupper.
- sikre at alle barn får delta på minst ein fritidsaktivitet.
- arbeide for å utvide tilbod om ungdomsklubb i begge delar av kommunen.
- at distriktsskulane framleis skal ha tilbod om undervisning frå kulturskulen. Kommunen bør rekruttere fleire lærarar til kultur.
- legge til rette for at det skal vere kino i begge byane i kommunen og vidareutvikle den nye ordninga med lengre opningstid i biblioteka.
- arbeide for at ein får leikeplassar og grøne lunger i sentrumsområda.
- at kommunen bidreg til å ta vare på kystkulturen, mellom anna ved å støtte opp om arbeidet med «Atløy» og «Svanhild».
- støtte opp om arbeidet til frivilligsentralen.
- arbeide for at ein har utlånsordningar for utstyr til ulike fritidsaktivitetar.
- at lag og organisasjonar skal få bruke kommunen sine bygg og anlegg til sine aktivitetar.
- arbeide for gode møteplassar for unge vaksne.

### **Ein god oppvekst varer heile livet**

Tidleg innsats er avgjerande for at barna våre skal få ein trygg og god oppvekst. Barn som får ei utviklande tid i barnehagen, står godt rusta til å takle skulekvardagen og utfordringar seinare i livet. Kinn Arbeidarparti vil sikre at vi har god kvalitet i barnehagane og på skulane våre. Skular og barnehagar er ei offentleg oppgåve og er noko av det viktigaste kommunen har ansvar for. Vi har to vidaregåande skular i kommunen med gode og viktige opplæringstilbod for ungdom og næringsliv.

Eit tett og tverrfagleg samarbeid mellom kommunen sine tenester retta mot barn og unge og gode overgangar mellom barnehage, grunnskule og vidaregående opplæring gir

det beste grunnlaget for å mestre livet. Vi skal lære av kvarandre og bygge vidare på det vi er gode på.

Kinn Arbeidarparti vil:

- starte bygging av Skram skule.
- ta barn og unge si psykiske helse på alvor og arbeide for fleire lågterskeltilbod.
- ha kvalifisert bemanning i barnehagane og på skulane våre og syte for at barn og unge som treng ekstra oppfølging, får rett hjelp så tidleg som mogleg.
- få til eit mattilbod både i barnehage og skule.
- arbeide for nok ressursar til at alle barn og unge får ei tilstrekkeleg svømmeopplæring.
- syte for gode skulebygg og utbetre skulebygg der det er nødvendig.
- ha ei felles pedagogisk plattform med vekt på kvalitet og innhald.
- arbeide for å nå målet om rullerande barnehageinntak og sikre barnehageplass så raskt som mogleg, seinast innan tre månader.
- legge til rette for at elevar skal kunne dagpendle frå nabokommunar til Måløy vidaregåande skule og Flora vidaregåande skule.
- sikre midlar til skulehelsetenesta og arbeide for at det skal vere helsejukepleiar til stades på skulane.
- oppretthalde helsestasjon for ungdom i begge delar av kommunen.
- styrke laget rundt elevane for å redusere mobbing og bygge eit godt sosialt læringsmiljø slik at fleire meistrar og fullfører skuleløpet.
- påverke sentrale styresmakter til å få innført gratis heildagsskule.
- styrke det kommunale barnevernet.
- ha psykolog og familierettleiar tilgjengeleg for barn, unge og foreldre i begge delar av kommunen.
- hjelpe fram MOT-arbeidet, arbeid mot mobbing og rusførebyggande arbeid blant barn og unge.
- støtte opp om dei vidaregåande skulane våre og opplæringstilboda og legge til rette for at alle kan fullføre opplæringa si der dei bur.
- arbeide for at fleire fagskule- og høgskuletilbod blir lagde til kommunen.
- støtte opp om arbeidet til Familiehjelpa.

## **God helse, velferd og livskvalitet for alle**

Trygge og likeverdige tenester, med vekt på kvalitet, er viktig for oss. Dei som treng det, skal få hjelp der dei bur. Gode helse-, omsorgs- og velferdstenester til innbyggjarane i kommunen, frå dei yngste til dei eldste, skal vere eit offentleg ansvar. Kinn Arbeidarparti ønsker å prioritere helse- og omsorgssektoren. Nytenking, langsiktig planlegging, betre integrering av kommunale tilbod og større fleksibilitet i arbeidsoppgåver vil bidra til å gi innbyggjarane eit godt tilbod.

Kinn er ein heimetenestekommune, og innbyggjarar som treng hjelp frå helse- og omsorgstenesta, skal få det i eigen bustad eller i ein omsorgsbustad med heildøgnbemannning. Gruppa eldre blir stadig meir samansett. Kinn Arbeidarparti sitt mål

er å gi dei eldre ein verdig og god alderdom, og tidleg innsats og førebyggande arbeid vil vere viktig for å nå målet. Vi må tenke nytt og langsiktig, samarbeide med frivillige organisasjonar og satse på ein auka bruk av velferdsteknologi for å kunne gi innbyggjarane den hjelpa dei treng.

God helse og livskvalitet er viktig i alle fasane av livet. Mange opplever stress, press og einsemd i kvarldagen, og fleire slit med psykiske plager. Arbeidarpartiet vil ha eit samfunn der vi førebygger, behandlar og sikrar ettervern for dei som har det vanskeleg. Fleire må få hjelp tidlegare, utan å vente lenge.

Kinn Arbeidarparti vil:

- sikre ei god bemanning i helse- og omsorgssektoren.
- ha fokus på helsefremmande turnus og livsfaseturnus for å redusere belastning for og sjukefråvære hos tilsette.
- satse på kompetanse hos tilsette for å vere ein god heimetenestekommune.
- sikre nok heildøgnomsorgsplassar og institusjonsplassar i begge delar av kommunen.
- bygge ny institusjon i Florø som skal stå ferdig seinast i 2026.
- legge til rette for at eldre og andre tenestemottakarar kan bu lenger heime ved å prioritere ernæring, trygge bustader, aktivitet og velferdsteknologi.
- sikre at innbyggjarane får rådgiving om korleis ein bør tilpasse eigen bustad slik at ein kan bu heime så lenge som mogleg.
- arbeide for at kommunen skal ha nok kapasitet på dagsentertilbod av god kvalitet, noko som kan motverke einsemd, som kan avlaste og sikre eit tilbod til demenspasientar og andre som treng det.
- arbeide for at Kinn kommune blir demensvennleg.
- at behova innan rus og psykiatri må styrkast ved å etablere døgntilbod og utvide tiltakstenesta til å gjelde i heile kommunen.
- arbeide for at vi skal ha desentraliserte spesialisthelsetenester i kommunen.
- at Kinn kommune som regionsenteret på kysten må få etablert avtalespesialistar.
- satse på fysisk aktivitet og livsmeistring som f. eks. kvardagsrehabilitering.
- ha psykolog og familierettleiar tilgjengeleg for barn, unge og foreldre.
- arbeide for rekruttering av psykolog knytt til legesenteret i Måløy.
- legge til rette for samanhengande pasientforløp og auka pasientsamarbeid mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.
- styrke tilboden innan psykisk helse og rus med eit særskilt fokus på å bygge opp lågterskeltilbod utan krav om tilvising.

## Samferdsle og infrastruktur

Arbeidarpartiet vil sikre eit framtdsretta samferdsletilbod og ein god infrastruktur i heile kommunen. Det skal vere trygge vilkår for pendling både for arbeidstakarar og ungdom under utdanning i Kinn kommune. Når infrastrukturen blir bygd ut, må den legge til rette

for næringslivet sitt behov. Transportforholda må vere tilfredsstillande både på land og til sjøs. Det er viktig at det blir satsa på miljøvennlege løysingar.

Det må takast mykje omsyn til behovet for nye og store nok næringsareal når ein bygger ut infrastrukturen. På den måten kan ein legge grunnlaget for å skape nye og framtidsretta arbeidsplassar. Kommunen må legge til rette for verdiskaping og utvikling. Det må vere sikker og effektiv framkomst til næringsområde.

Arbeidarpartiet meiner at den digitale infrastrukturen er ein viktig del av samfunnsutviklinga. Vi godtek ikkje at dei som bur i distrikta, skal betale høgare prisar og ha därlegare tilgang til nettløysingar enn dei som bur i dei større byane. Den digitale infrastrukturen må sikrast slik at nettligangen blir tilfredsstillande. Der tilbodet av breiband ikkje er godt nok, må utbygginga forserast. På den måten kan innbyggjarane også i vår kommune få eit likeverdig tilbod med andre.

Kinn Arbeidarparti vil:

- vere ein aktiv pådrivar for å få bygt kystveg frå Måløy via Svelgen til Florø. Første etappe er å få bygt ny fv. 614 Svelgen – Indrehus. Deretter må det byggast bru over Ytre Nordfjord (frå Tongane til Biskjeneset) og tilførslevegar på sør- og nordsida av bruа.
- halde fast ved at fylkeskommunen må bere kostnaden med å bygge ny veg frå Svelgen til Indrehus. Fjordkryssinga og opparbeiding av tilførslevegar kan finansierast av ferjeavløysingsmidlar, bompengar og eventuelt eit mindre offentleg bidrag.
- at Stad skipstunnel skal byggast slik Stortinget har bestemt.
- få etablert hurtigbåtrute frå Bergen til Ålesund med stopp i Florø og Måløy.
- halde oppe og utvikle båtsambandet mellom Måløy og Florø både på dag- og kveldstid slik at arbeidspendling kan skje til begge byane.
- at båttransporten må vere tilrettelagd for ungdom, slik at dei unge kan ferdast i kommunen både med tanke på skulegang og fritid.
- arbeide for at rutetilbodet på Florø lufthamn skal vere godt og tenleg for dei reisande. Det må vere tilfredsstillande korrespondanse med båtruter.
- at Måløyområdet skal komme med i «hent meg»-ordninga.
- medverke til at det blir eit heilskapleg kollektivtilbod i heile kommunen.
- at vedlikehaldet på dei kommunale vegane skal vere tilfredsstillande.
- krevje at rasutsette strekningar på riks- og fylkesvegane blir sikra.
- vere pådrivar for gang- og sykkelvegar, som sikringstiltak nær skular og barnehagar og som folkehelsetiltak i kommunen.
- arbeide for at det blir betre mobil- og breibanddekning i kommunen.
- sikre at vi har tilstrekkeleg med gatelys langs strekningar der det bur folk.
- at staten syter for skikkeleg trafikkregulering på rv. 5 i Victoriakrysset og i Skudalsvegen.
- arbeide for at billettpisane på offentleg transport går ned, Det gjeld også båttransport.
- at rv. 5 gjennom Markegata må realiserast.
- arbeide for at opprusting av fv. 617 Kapellneset - Raudeberg kjem i gang snarast.

- at utbetring av fv. 621 Måløy - Vågsvåg blir gjennomført straks.
- arbeide for at fv. 618 frå Sørpollen til Almenningsfjellet blir utbetra.

### **Levande byar og bygder i Kinn kommune**

Arbeidarpartiet vil at folk i heile landet skal ha like moglegeheiter til å leve gode liv og få gode tenester. Vi vil arbeide for eit samfunn bygt på tillit og tryggleik. Arbeid og lik tilgang til velferdsgode er dei viktigaste verkemidla for å redusere forskjellane. Fattigdom kan føre til at barn blir ekskluderte frå viktige sosiale arenaer. Vi vil derfor legge til rette for frivillig sektor, styrke kulturskulen og skape fleire fritidstilbod og møteplassar.

Kinn Arbeidarparti vil arbeide for å styrke beredskapen, slik at lokalsamfunn er godt budde på å handtere kriser. Vi vil sikre ein sosial bustadpolitikk der bustad og nærmiljø har god kvalitet. Den sosiale bustadpolitikken skal vi arbeide meir aktivt med og saman med Husbanken bidra til at fleire unge og vanskelegstilte får sjansen til å skaffe seg eige husvære.

Vi vil at kommunen skal vere ein ja-kommune og eit trygt val for tilflyttarar.

Kinn Arbeidarparti vil:

- ta imot og busette fleire flyktningar. Vi vil at flyktningar blir tekne godt imot, får tilbod om arbeid, utdanning og godt velferdstilbod, slik at dei har sjanse til å bli inkluderte i sitt nærmiljø.
- gi god norskopplæring til flyktningar slik at dei blir godt integrerte.
- arbeide målretta for å redusere forskjellar og at færre lever i fattigdom.
- styrke grunnlaget for butikkar i utkantområda, f. eks. gjennom bruk av Merkurordninga.

